



Dansen på Dønhaug går vidare og her svingar Magne seg med kona Anne Berit. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen truga med å avlysa heile sommarprogrammet sitt hvis innstillinga frå rådmannen i skjenkeløyve-saka vart vedteke av politikarane slik den låg føre. Det vart den ikkje – og Dønhaug-dansen held fram slik som planlagt for sommaren.

Huglen fekk innvilga søknaden for utekonserten med "Dance with a stranger" 9. juni og formannskapet skal ha synfaring på Dønhaug 6. juni før dei handsamar resten av søknaden.

Huglen er fornøgd med politikarane sitt vedtak. Han har lenge håpa på at dei ville ta ein tur til garden for betre å kunne vurdere tilhøva. Etter vedtaket i formannskapet føler han at han endeleg er teke på alvor.

Når det så gjeld den fornya søknaden og punktet om utviding av skjenkinga fram til klokka 0100 kan ikkje Huglen sjå at det har nokon negative alkoholpolitiske utslag.

Det første arrangementet kjem allereie laurdag og då er to band i aksjon: Arly Karlsen med band og det lokale EDO.

Så kjem utekonserten 9. juni og deretter Stavangerensemblen 16. juni.
Laurdag 14. juli er det klart for Pat Savage og Gil Edwards med band.
2. august utfaldar Andrea Rice seg nok ein gong i Dønhaug-kjedlaren.
Det irske fyrverkeriet kjem att for låvedans 18. august.

Av Ola Matti Mathisen



[Arly Karlsen kjem til Dønhaug laurdag.](#)